

Overskjenking under Festidalen

15.08.2015

Kontrolløren som var til stades frå klokka 22 til klokka 01.15 1. august under Festidalen har nokre kritiske kommentarar. Dei går ut på at tydeleg rusa personar hadde tilgjenge, og at det var overskjenking men at tydeleg rusa personar delvis ikkje vart fjerna før vidare skjenking.

Kontrolløren skriv i sin kommentar at vakthaldet må betrast. Vaktane går berre rundt og ser, men gjer tildels ingenting med overstadig rusa personar som burde vore fjerna.

Kontrolløren varslar at han skal sende evalueringsrapport for 1. august.

Tekst og nett; Ola Matti Mathisen